



Statsforvaltaren i Vestland

Søknadsskjema
Nynorsk

SØKNAD OM MUDRING, DUMPING OG UTFYLLING I SJØ OG VASSDRAG



Skjemaet skal nyttast ved søknad om løyve til mudring, dumping og utfylling i sjø og vassdrag etter forureiningsforskrifta kapittel 22 og forureiningslova § 11. For andre tiltak i sjø kan søknadsskjemaet nyttast som utgangspunkt for kva opplysningar Statsforvaltaren treng for å kunne fatte ei avgjerd. Du kan gjerne bruke søknadsskjema for desse tiltaka også.

Skjemaet må fyllast ut nøyaktig og fullstendig, og alle nødvendige vedlegg må følgje med. Se rettleiar til søknadsskjema og informasjon til søkjer i eige dokument.

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/forureining/mudring-og-dumping---soknadsskjema/>

Bruk vedleggsark med referansenummer til skjemaet der det er nødvendig.

Søknaden skal sendast til Statsforvaltaren pr. e-post (svfpost@statsforvalteren.no) eller pr. brev (Statsforvaltaren i Vestland, Statens hus, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger).

Innhald

1. Generell informasjon	3
2. Type tiltak	4
Del A – Mudring	5
Del B – Dumping	7
Del C – Utfylling	8
3. Lokale tilhøve	9
4. Forureiningssituasjon, avbøtande tiltak, overvaking og mål	13
5. Handsama hjå andre styresmakter?	18
Vedlegg	19

1. Generell informasjon

a Tiltakshavar (ansvarleg søkjar)			
Namn	Firdakraft AS		
Adresse	Sørstrandsvegen 227, 6823 Sandane		
Telefon	57 88 47 00		
e-post	post@sfe.no		
Hovudeining (org.nr.)	911 647 605		
Undereining (org.nr.)	Sett inn org.nr. for underenhet (verksemdas lågaste nivå i registreringsstrukturen i Enhetsregisteret)		
b Tiltakshavars kontaktperson			
Namn	Tore Feten		
Adresse	Sørstrandvegen 227, 6823 Sandane		
Telefon	480 956 08 / 57 88 47 00		
e-post	tore.feten@sfe.no		
c Konsulentfirma (eventuelt)			
Namn	Norconsult Norge AS, avd. Førde		
Adresse	Fjellvegen 11, 6800 Førde		
Telefon	91 68 53 46		
e-post	Silja.oda.solheimslid@norconsult.com		
d Entreprenør (dersom kjend)			
Namn	Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.		
Adresse	Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.		
Telefon	Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.		
e-post	Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.		
e Lokalisering av tiltak			
	Mudring	Dumping	Utfylling
Kommune	Kommune	Kommune	Bremanger
Stadnamn	Stadnamn	Stadnamn	1) Klubbevika 2) Gjengalunden 3) Åskåra
Gnr./bnr.	Gnr./bnr.		1) 113/1, m.fl. 2) 114/8, m.fl. 3) 117/27, m.fl.
Koordinatar UTM 32V	Nord: Nord Aust: Øst	Nord: Nord Aust: Øst	Nord: 6860905 Aust: 331301

f Tidsperiode for planlagt gjennomføring av tiltaket (månad og år) og kor lenge arbeidet vil pågå

Forventa varigheit på arbeid med utfylling i sjø er f.o.m. oktober 2024 t.o.m. januar 2026. For å sikre god framdrift og minst mogleg transport, er det planlagt å fylla ut massane vil skje kontinuerleg imens tunneldrifta pågår. Det er førebels ukjent kva som blir rekkefølga til utfyllingsarbeidet ved dei ulike tiltaksområda, då dette vert tilpassa det som er mest praktisk for entreprenør.

g Fakturainformasjon

Fakturaadresse	SFE Produksjon Sørstrandvegen 227 6823 Sandane
Fakturareferanse Anna (Prosjektnummer e.l.)	1202 Nye Øksnelvane Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.
Kontaktperson for fakturering	
Namn	Tore Feten
Telefon	57 88 37 69 / 480 95 608
e-post	tore.feten@sfe.no

2. Type tiltak

Mudring, dumping og plassering av materiale frå skip er underlagt reglane i forureiningsforskrifta kapittel 22. *Mudring og dumping i sjø og vassdrag* og krev alltid løyve etter § 22-6.

For utfyllingsarbeid og andre tiltak utført frå land er det ein vurderingssak frå Statsforvaltaren si side om tiltaket krev løyve etter forureiningslova § 11.

Mudring	<input type="checkbox"/>	Fyll ut del A
Dumping	<input type="checkbox"/>	Fyll ut del B
Utfylling	<input checked="" type="checkbox"/>	Fyll ut del C
Tiltak i ferskvatn	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input checked="" type="checkbox"/>	
Dersom tiltak i ferskvatn: Er det strekningar som fører anadrome laksefisk eller trua ferskvassartar (t.d. elvemusling, ål, edelkreps)	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>	

Del A – Mudring

Ein kvar planlagt forflytning av massar frå sjøbotn

Utgreiing av tiltaket

a Føremål

Vedlikehaldsmudring Årstal siste mudring XXXX Dok. Vedlagt

Farledsmudring

Miljømudring

Undervassprenging

Anna *Spesifiser:* Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

b Gi ei kort utgreiing av tiltaket inkludert føremål

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

c Areal som skal mudrast. Skal også teiknast inn og talfestast i kart.

XXXX Kvadratmeter, m²

d Volum som skal mudrast

XXXX Kubikkmeter, m³ XXXX Utrekna vekt, tonn

e Vassdjup før mudring

XX - XX m

f Ønska vassdjup etter mudring

XX - XX m

g Tiltaksmetode ved mudring

Utførast frå skip Utførast frå land

Gravemaskin

Grabbmudring

Sugemudring

Undervasssprenging

Anna

Beskriv kort korleis mudringa skal utførast for alle metoder:

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

h Disponeringsløyising for mudra massar

Lovleg avfallsanlegg

Dumping i sjø eller vassdrag

Fyll ut del B

Nyttiggjering på land

Forklar under

Anna

Forklar under

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

i Metode for avvatning, opplasting, transport og disponering av mudra massar (forklar)

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

Del B – Dumping

Tømming av materiale i sjøen for å bli kvitt det

Beskriving av tiltaket

a Areal som blir rørt av dumpinga. Skal også teiknast inn og talfestast i kart.

XXXX Kvadratmeter, m²

b Volum som skal dumpast

XXXX Kubikkmeter, m³ Inkludert masseutviding? Ja Nei

XXXX Utrekna vekt, tonn Ev. grad av utviding XXXX %

c Vassdjup før dumping

XX - XX m

d Vassdjup etter dumping

XX - XX m

e Mengde tørrstoff i sediment som skal dumpast

XXXX tonn

f Vassinnhald i sedimenter som skal dumpast

XXXX %

g Gje greie for massane som skal dumpast

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

h Gje greie for metoden som skal nyttast

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

Del C – Utfylling

Tømming av masser i sjøen for å etablere noko nyttig, som utvide areal. Det må vere *nyttiggjering* og det må vere *eigna massar*.

Utgreiing av tiltaket

a Føremål

- | | | |
|-------------------|-------------------------------------|--|
| Landvinning | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Infrastruktur | <input type="checkbox"/> | |
| Molo/bølgjebrytar | <input type="checkbox"/> | |
| Anna | <input type="checkbox"/> | <i>Spesifiser:</i> Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst. |

b Gje kort greie for tiltaket. Spesifiser føremål med utfyllinga.

- 1) Utfyllinga ved Portalområde er ei naudsynt utfylling for å få tilstrekkeleg areal til rigg og køyretøy i samband med anleggsverksemda. Den austre delen av arealet vil også ha nytte som vegutviding.
- 2) Utfyllingsområdet ved Lunden er planlagt å utvikle til friområde, etter innspel frå bygdelaget.
- 3) Utfyllinga ved Åskåra skal gje nytt landområde for eksisterande næringsbygg og har potensiale som framtidig næringsareal.

c Areal som skal fyllast ut. Skal også teiknast inn og talfestast i kart.

- 1) 3100 Kvadratmeter, m²
- 2) 10000
- 3) 10000

d Volum som skal fyllast ut.

- 1) 16000 Kubikkmeter, m³
 - 2) 60000
 - 3) 40000
- 1) 25600, 2) 96000, 3) 64000 Utrekna vekt, tonn

e Vassdjup før utfylling

- 1) 0-5 m
- 2) 0-10
- 3) 0-30

f Gje greie for metoden for utfylling (snitt-teikning(ar) skal leggjast ved)

Utfylling er planlagt utført med tipping frå lastebil, og avretting utført med bulldosar og beltegraver. Snitt-teikningar er vedlagt i vedlegg 6.

g Gje greie for utfyllingsmassane inkl. vurdering av plast

Sprengsteinmassane er overskotsmassar frå driving av tunnelar og berghall til nye Øksnelvane kraftverk. Massane vil takast ut av Tennefjellet, som består av devonsk sandstein/konglomerat. Massane kan innehalde noko plast frå skytestrengar og tennsystem, samt finstoff av kvarts som er skarpe partiklar som har skadepotensiale for fiskegjeller og biologisk vev.

3. Lokale tilhøve

a Eigedomar som blir råka av tiltak

Eigar	Gardsnummer/bruksnummer
Sameige for gbnr 114/1-6 og 11-14	114/27
SFE Produksjon AS	114/8, 117/23, 117/27
Firdakraft AS	113/1
Sigmund Midthjell	117/2
Karl Vidar Førde	117/7
Harald Ekremsæter	117/6
Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.	Gnr./bnr.
Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.	Gnr./bnr.
Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.	Gnr./bnr.

Dersom tiltaket går inn på eller kan råka anna persons eigedom skal skriftleg godkjenning frå grunneigar leggjast ved.

b Utgreiing av botntilhøve og området sin grunnstabilitet

- 1) Tiltaksområdet «Portalområde» er dominert av bart fjell og steinblokker. I Aust er det også ei steinfylling frå tidlegare anleggsverksemd.
- 2) Midtre og austre del av tiltaksområdet «Lunden» er dominert av blautbotn med ein del steinar og tangførekomstar. Vestleg del inneheld mest stein og lite blautbotn.
- 3) Tiltaksområdet «Åskåra» er i aust dominert av blautbotn, medan den i vest hovudsakleg består av steinfylling frå tidlegare anleggsarbeid. Utanfor denne steinfyllinga er det blautbotn.

Sjå elles vedlegg nr. 4 og nr. 5 for utfyllande opplysningar.

- | | Ja | Nei |
|---|-------------------------------------|--------------------------|
| c Er det naturverdiar i eller i nærleiken av tiltaksområdet?
<i>Dersom ja, angje kva for og omtal korleis desse eventuelt kan råkast av tiltaket. Oppgje kjelde for opplysningane.</i> | <input checked="" type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |

Portalområde:

- * Sukkertare i tette førekomstar frå ca. 20 m og opp til grunna (A-verdi: svært viktig)
- * Raudlista fugleartar med reproduktiv/mogleg reproduktiv aktivitet - tjeld, gråmåke, hettemåke og fiskemåke (KU-verdi: svært stor)
- * Leveområde for pigghå (KU-verdi: stor)
- * Kvardagsnatur (KU-verdi: noko)

Lunden:

- * Sukkertare i tette førekomstar frå ca. 20 m og opp til grunna (A-verdi: svært viktig)
- * Gyteområde for torsk (C-verdi: lokalt viktig)
- * Raudlista fugleartar med reproduktiv/mogleg reproduktiv aktivitet - tjeld, gråmåke, hettemåke og fiskemåke (KU-verdi: svært stor)
- * Leveområde for pigghå (KU-verdi: stor)
- * Kvardagsnatur (KU-verdi: noko)

Åskåra:

- * Gyteområde for torsk (C-verdi: lokalt viktig)
- * Raudlista fugleartar med reproduktiv/mogleg reproduktiv aktivitet - tjeld, gråmåke, hettemåke og fiskemåke (KU-verdi: svært stor)
- * Leveområde pigghå med reproduktiv/mogleg reproduktiv aktivitet (KU-verdi: stor)
- * Kvardagsnatur (KU-verdi: noko)

Naturverdiar i området kan bli råka av spreiiing av partiklar og plast, samt undersvasstøy, ved samtlege tiltaksområder.

Sjå elles vedlegg 4 og 5 for utfyllande opplysningar om naturverdiar og risikovurdering knytt til planlagde tiltak.

d Utgreiing av naturtilhøva (ver, vind, straum, mm.)

Både Ålfoten og Hundvikfjorden er i Vann-nett registrert som ferskvasspåverka beskytta fjordar med middels tidevatn (1-5 m), moderat straumhastigheit (<0,5 m/s) og med dagar til veker opphaldstid for botnvatnet.

Straumane i kystfarvatn er dei fleste stader styrt av tidevatnet som består av to høgvatn og to lågvatn i døgnet. Endringane i vasstand skapar tidvasstraumar.

Data frå Strømkatalogen:

På 5 meters sjødjupne ved Lunden er median- og maks straumfart 0,04 m/s og 0,15 m/s med hovudretning mot vest-sørvest, og ved Portalområde h.v. 0,15 m/s og 0,63 m/s med hovudretning mot vest-nordvest.

På 50 meters sjødjupne ved Lunden er median- og maks straumfart 0,02 m/s og 0,04 m/s med hovudretning aust-nordaust, og ved Portalområde h.v. 0,04 m/s og 0,21 m/s med hovudretning mot vest-nordvest

Det føreligg ingen straumdata i Strømkatalogen for indre del av Ålfoten. Det er forventat at straumen ved Åskåra er noko lågare enn ved Lunden, sidan området ligg meir beskytta inst i Ålfoten.

Middel av middelvind målt ved Sandane lufthamn i perioden mar-23 – feb-24, tilseier at vinden ved tiltaksområda stort sett ligg mellom 2-4 m/s. Høgste målte middelvind er 8 m/s (kjelde: Norsk Klimaservicesenter, seklima.met.no).

e Oppgje kjente allmenne brukarinteresser knytt til lokaliteten eller nærområdet til lokaliteten og beskriv korleis desse eventuelt kan råkast av tiltaket.

Beskytta område

Lunden er i Vann-nett registrert som beskytta områdetype «badevatn», som er beskytta gjennom lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.

Friluftsliv

Lunden er registrert som friluftslivområde «strandsone og tilhøyrande sjø og vassdrag» som strekker seg frå småbåthamna og noko vestover i overlapp med planlagt utfyllingsområde for Lunden.

f Havnespy	Ja	Nei
Er det kjente førekomstar av havnespy ¹ i nærleiken av tiltaksområdet?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Er deg grunn til å tru at det kan vere havnespy i nærleiken av tiltaksområdet?	Ja	Nei
	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
g Er det røyr, kablar eller andre konstruksjonar i området? <i>Dersom ja, merk av på kart som skal leggjast ved søknaden</i>	Ja	Nei
	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>

4. Forureinings situasjon, avbøtande tiltak, overvaking og mål

Prøvetaking og analyse må utførast av uavhengig tredjepart med dokumentert kompetanse.

a Er det kjende forureiningskjelder i nærleiken (t.d. slipp, kommunalt avløp, båthamn, industriverksemdar e.l.) <i>Dersom ja, angi kva for</i>	Ja	Nei
	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Ei lita småbåthamn ved Gjeignalunden (tiltaksområde Lunden). Miljøundersøkingar i sjøbotnen til Lunden (vedlegg 1) har vist at sedimenta er reine (klasse I-II). Ingen kjente forureiningskjelder til Portalområde og Åskåra.		
Rettleiaren for søknadsskjemaet er lest og prøvetakinga er omtalt i samsvar med denne	Ja	Nei
	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
b Kartlegging av forureining i sjøbotn (analyseresultat/rapport skal leggjast ved søknaden)		
Tal prøvestasjonar	3	
Tal prøvepunkt per stasjon	4	<i>Prøvepunkt skal teiknast inn på kart, jf. figur 1 i «Rettleiar til søknadsskjema»</i>

¹ <https://artskart.artsdatabanken.no/havnespy>

Prøvedjupne Ca. 1-5 cm
(analysert) i sediment
(laginndeling må
visast)

Gje greie for prøvetakinga

Prøveuttak blei utført ved hjelp av ein 250 cm² van Veen grabb i totalt 3 stasjonar. Blandprøver for kvar stasjon blei samansett av 4 parallelle delprøver av det bioaktive laget (0-10 cm), tatt i tilfeldig rekkefølge, innanfor stasjonsarealet, jf. M-409 | 2015. Prøvetaking i ytre del av utfyllingsområdet mot vest var ikkje mogleg pga. mange store steinar og lite sediment.

c Summør opp analyseresultata (det må gå fram om sjøbotn inneheld miljøgifter i tilstandsklasse III eller høgare²)

Klassifiserte analyseresultat jf. M-608 viser at sedimenta i samtlege prøvestasjonar i Lunden er i klasse I for tungmetall, sum PAH-16 og TBT. Grunna høg rapporteringsgrense vert alle stasjonane klassifisert i klasse II for sum PCB-7 og fleire av PAH-forbindingane. Det er berre i stasjon L3, i vestre del av tiltaksområdet, det blei påvist PAH-forbindingar over rapporteringsgrensa, og dette gjeld fluoranten og pyren som er i klasse II.

Sjå elles vedlegg 1 for utfyllande opplysningar og analyserapportar frå laboratorie som er akkreditert for dei aktuelle analysane.

d Finstoffinnhald i sedimentet

Stein	Grus	Sand	Silt	Leire
%-andel	%-andel	>91 %	<9 %	<0,1 %

Eventuell nærmare omtale

Sedimenta er samansett av mest sand (>91 %), noko silt (<8 %), lite TOC (<1 %), samt rikeleg med små steinar og skjelfragment. Det blei ikkje påvist leire i sedimenta (<0,1 %).

Sjå elles vedlegg 1 for utfyllande opplysningar og analyserapportar frå laboratorie som er akkreditert for dei aktuelle analysane.

² Tilstandsklasser for sediment jf. Veileder M-608/2016 – revidert 30.10.2020

e Gje greie for avbøtande tiltak for å hindre spreining av forureining (inkludert reine partiklar) og/eller negativ påverknad på naturverdiar. For utfylling må også tiltak mot spreining av plast vurderast.

Lunden:

- 1) Bruk av siltgardin utanfor utfyllingsområdet i Lunden i den sårbare perioden for kysttorsk f.o.m. februar t.o.m. mai. Gardina skal strekkje seg gjennom heile vassøyla og ha feste i botnen utanfor utfyllingsområdet.

Kontrollere at gardina fungerer mot partikkelspreiing ved hjelp av:

a) Kartlegging av turbiditet gjennom heile vassøyla i minimum 10 punkt i ulike avstandar og retningar, innanfor ein radius på 50 meter avstand frå gardina. Målingane vil utførast i starten av gyteperioden medan utfyllingsarbeidet pågår, og skal fange opp både utgåande og inngåande tidevatn (fjære og flo). Dersom utfyllingsarbeidet strekker seg over fleire gyteperiodar, skal tilsvarende målingar skje i starten av kvar gyteperiode.

b) Jamleg dronefilming av utfyllings- og influensområdet for å visuelt følge med at gardina er tett.

Dersom turbiditetsmålingane viser høgare partikkelinnhald enn 10 FTU i >50 meter avstand til gardina, og/eller at dronefilminga viser synleg partikkellekkasje utanfor gardina, skal det gjerast undersøkingar av om gardina fungerer slik den skal (at gardina er tett, flyt godt i overflata og er tilstrekkeleg forankra på sjøbotnen).

- 2) Gje god informasjon til brukarar av småbåthamn og friluftslivområde om framdrifta til anleggsarbeidet, og sikre at bruken av hamna vert opprettheldt i anleggsfasen.

Dersom det er praktisk mogleg, kan utfyllingsarbeidet ved Lunden starte med å etablere ei sjete i ytste fyllingskant, slik at utfyllinga etterpå kan føregå innelukka innanfor sjeta. Dersom ei sjete er på plass, vert det vurdert at utfyllingsarbeidet også kan føregå i den sårbare perioden for kysttorsk ved Lunden og Åskåra, utan bruk av siltgardin. Dette fordi sjeta vil gjere at det er minimal til ingen risiko for spreining av partiklar og plast utanfor tiltaksområdet. Dersom sjete er planlagt etablert i den sårbare perioden for kysttorsk, må dette skje ved bruk av siltgardin. Tiltak for å plukke opp plast som flyt i vassoverflata skal også skje innanfor sjeta.

Åskåra:

- 1) Unngå utfylling i sjø ved Åskåra i sårbar periode for kysttorsk, f.o.m. februar t.o.m. mai.

- 2) Ta kontakt med lokalt fiskarlag for å undersøke om låssettingsplassen for sild og brisling er i bruk. Dersom låssettingsplassen er i bruk:
Avklare om låssettingsplassen kan tas ut av bruk i utfyllingsperioden, ev. avklare kva tiltak som må setjast i verk for at låssettingsplassen kan vere i bruk.

Alle tiltaksområder:

Regelmessig overvake plastureining i sjøoverflata og på nærliggande strender, samt fjerne og avfallshandtere det som flyt eller har drive i land.

- f Gje greie for risikovurderinga av tiltaket på ytre miljø og vis til eventuell rapport. *Risikovurderinga bør gjennomførast av uavhengig tredjepart med dokumentert kompetanse.*

Risikovurderinga tar utgangspunkt i kartlagde naturverdiar, brukarinteresser, fiskeri m.m. i og utanfor tiltaksområda, samt ei vurdering av kva negative miljøeffektar som kan oppstå under utfyllingstiltaka. Naturverdiar er grundig kartlagt i KU for marint naturmangfald (vedlegg 4). Miljørisikovurdering er utført i grunnlagsrapport for søknad (vedlegg 5).

- g Tiltaksmål

Tiltaksmåla for prosjektet er at utfyllingsarbeidet skal gjennomførast på ein slik måte at det:

- Ikkje er til hinder for at miljømåla for vassførekomstane vert innfridd.
- Ikkje medfører skade på eller ulempe for omliggande viktige naturtypar, økologiske funksjonsområde og fiskeri.

h Miljømål

Miljømålet for vassførekomst Ålfoten er god økologisk og god kjemisk tilstand innan 2022-2027.

Miljømålet for vassførekomst Hundvikfjorden er svært god økologisk og god kjemisk tilstand innan 2022-2027.

i Plan for overvaking av vatn, spreing av massar og sluttkontroll

Lunden:

- a) Kartlegging av turbiditet gjennom heile vassøyla i minimum 10 punkt i ulike avstandar og retningar, innanfor ein radius på 50 meter avstand frå siltgardina. Målingane vil utførast i starten av gyteperioden medan utfyllingsarbeidet pågår, og skal fange opp både utgåande og inngåande tidevatn (fjære og flo). Dersom utfyllingsarbeidet strekker seg over fleire gyteperiodar, skal tilsvarande målingar skje i starten av kvar gyteperiode.
- b) Jamleg dronefilming av utfyllings- og influensområdet for å visuelt følgje med at gardina er tett.

Lunden og Portalområde:

Dokumentere ev. effektar av partikkelspreing på sukkertaren nær utfyllingsområda med ROV-film/bilder ca. 2 månadar etter at utfyllingstiltaka er ferdigstilt.

Alle tiltaksområder:

Regelmessig visuelt overvake plastureining i sjøoverflata og på nærliggande strender, samt fjerne og avfallshandtere det som flyt eller har drive i land.

Utarbeide ein sluttrapport som skildrar gjennomførte tiltak i anleggsfasen.

Viser elles til vedlegg 5.

5. Handsama hjå andre styresmakter?

(det er tiltakshavar som har ansvar for å ha dei nødvendige løyva på plass ved oppstart)

	Ja	Nei	Annet
a Plan- og bygningslova (kommunen)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Skal leggast ved Søknad om dispensasjon frå kommuneplan er sendt inn for handsaming hos Bremanger kommune.
b Hamne- og farvasslova (Kystverket/havnevesen)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	ev. kommentar
c Kulturminnelova (Norsk Maritimt Museum)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Er høyringspart til søknad om dispensasjon frå kommuneplan
d Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag (dersom Fylkeskommunen)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Ikkje aktuelt

Andre opplysningar som er av betydning for saken skal leggast ved søknaden.

Vi gjer merksam på at søkjar sjølv er ansvarleg for ikkje å oppgje sensitiv informasjon (forretningshemmelegheiter, ol.) i søknadsskjemaet då skjemaet er offentleg tilgjengeleg.

- Søkjar er kjent med at det skal betalast gebyr for handsaming av søknaden (kryss av for å stadfesta), jf. forureiningsforskrifta § 39.

Balestrand 12.04.2024
Stad, dato


Søkjar sin underskrift

Vedlegg

- Nr. 1 Analyseresultat
- Nr. 2 Kartutsnitt i relevant målestokk (med detaljer teikna inn)
- Nr. 3 Løyve frå grunneigar (dersom relevant)
- Nr.XX Vurdering etter plan- og bygningslova
- Nr.XX Vedtak etter hamne- og farvasslova
- Nr.XX Vurdering etter kulturminnelova
- Nr. 4 KU for marint naturmangfold
- Nr. 5 Grunnlagsrapport for søknad0
- Nr. 6 Snitt-teikningar av utfyllingane
- Nr.XX [Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.](#)

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Statens hus, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger || sfvpost@statsforvalteren.no ||
<https://www.statsforvalteren.no/vestland/>

